

Norske pengespel 2001

Gaming in Norway

**Statistikk over statlege spel
og private spel og lotteri**

*Annual statistics report from
The Norwegian Gaming Board*



LOTTERITILSYNET

www.lotteritilsynet.no

I N N H A L D

Føreord

4

Samandrag

5

Endring i omsetning

12

Norsk Tipping og Extra

13

Norsk Rikstoto

19

Automatar

22

Bingo

27

Andre lotteri

31

English summary

35

Vedlegg

37

Vår første komplette statistikk

Forutan å forvalte og kontrollere norske pengespel, har Lotteritilsynet også fått som oppgåve å utarbeide den offisielle statistikken over lotteri og sportsspel her i landet. Denne årsstatistikken for 2001 er såleis det første samla oversyn over heile den norske pengespelmarknaden. Difor har vi valt å lage eit detaljert oversyn som kan tene som grunnlag ved det vidare statistikkarbeidet.

Medan statlege pengespel er oversiktlege, ligg det mykje nybrottsarbeid bak statistikkane som er utarbeidde for den vidtfemnande private lotterimarknaden her i landet. Framleis må vi til ein viss grad støtte oss til estimat for å få fram statistisk materiale, men dette vil betre seg i takt med at det nye Lotteriregisteret blir teke i bruk.

Årsrapporten er laga med to perspektiv for auge. Vi ønskjer å få fram kor mykje nordmenn satsar, og kor mykje vi legg igjen på norske pengespel. Dessutan ser vi på nøkkeltal for dei andre aktørane i marknaden, mellom anna korleis overskotet blir fordelt.

Her er nytta to omgrep for omsetning. *Brutto omsetning* er samla omsetning før utbetaling av gevinst, og *netto omsetning* som er samla omsetning etter at gevinst er utbetalt. Vi gjer merksam på at det i ein del tabellar er gjort avrundingar til heile tal utan desimal.

Talmaterialet i den private delen av marknaden er i hovudsak henta frå operatørar og entreprenørar, men for lokale og regionale lotteri og for bingo utan entreprenør er summane i sin heilskap estimerte. I vedlegga vil det gå fram korleis dei ulike estimat er komne fram. Tala som blir brukt til å samanlikne med år 2000, er henta frå rapporten "Norske pengespel i ei digital framtid".

Lovlege spel via Internett vart først introdusert i Noreg i 2001, og tala er med både i statistikken for Norsk Tipping og Norsk Rikstoto. Når det gjeld nordmenn sin speleaktivitet på utanlandske pengespel på Internett, saknar vi førebels statistisk materiale som er påliteleg nok til at det fortener plass i ein offisiell statistikk. Men vi veit at utanlandske pengespel på Internett aukar, og Lotteritilsynet vonar at vi alt i statistikken for 2002 skal kunne estimere det totale omfanget av nordmenn sin speleaktivitet på nettet.

Førde, 20. desember 2002
Atle Hamar
direktør

Samandrag

I den norske spel- og lotterimarknaden vart det i 2001 omsett for 22,4 milliardar kroner. Av dette gjekk 13,9 milliardar tilbake til spelarane i form av gevinst.

Etter at spelarane hadde fått sine gevinstar, låg det igjen 8,5 milliardar kroner til fordeling blant aktørane, operatørar, entreprenørar, lokalinnhavarar, kommisjonærar forutan lag og foreiningar.

Når det gjeld metode for innsamling av data og utrekning av estimat, viser vi til vedlegg bak i rapporten.

Nøkkeltal om den norske pengespel-marknaden

År 2001	Millionar	
	NOK	EUR ¹
Brutto omsetning (spelt for) ²	22 411	2 784
Gevinst	13 891	1 726
Netto omsetning (lagt igjen/tap)	8 520	1 058

Året 2001	Spelt for		Lagt igjen	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per innbyggjar ³	4 965	617	1 887	234
Per innbyggjar 15 år og eldre	6 209	771	2 360	293
Per husstand ⁴	11 420	1 419	4 341	539
Prosent av disponibel inntekt ⁵	3,32 %		1,26 %	

I gjennomsnitt spelte kvar nordmann (liten som stor) for 4 965 kroner i 2001.

Om vi trekkjer frå gevinstante vil kvar innbyggjar ha lagt igjen 1 887 kroner. Av husstanden si disponible inntekt utgjør dette 1,26 prosent.

¹ Middelkurs 2001 frå Norges Bank 8,0492.

² For gevinstautomatar utgjør brutto omsetning innbetalt innsatsbeløp, dvs. at verdi av gjenspel ikkje er medrekna.


³ Gjennomsnittleg folketal frå SSB, Nordisk regionalstatistikk.

⁴ Gjennomsnittleg tal personar i husstanden er 2,3

(Tal frå SSB – Privathusholdning og personar per privat husholdning 2001).

⁵ Nasjonalrekneskap 1991–2001, "Husholdninger og ideelle organisasjoner. Inntekter, utgifter og sparing" (SSB) Disponibel inntekt 675 001 millionar kroner.

Brutto omsetning i millionar kroner i 2001



Nordmenn spelte mest på gevinstautomatar, utrekna til nærare 9 milliardar kroner.^{6,7} Elles spelte vi for nær 7,9 milliardar på Norsk Tipping sine spel, og 0,75 milliard på Extralotteriet som også Norsk Tipping opererer. På hestesport spelte nordmenn for om lag 2,6 milliardar kroner gjennom Norsk Rikstoto.

I tillegg til gevinstautomatar er det bingo og lotteri som utgjer den private delen av marknaden. Bingo hadde ein omsetning på om lag 1,6 milliard, der entreprenør-bingoen utgjer størsteparten, vel 1,3 milliard. Her inngår også sidespel (elektroniske⁸ og papiersidespel). Bingo utan entreprenør er estimert til nær 0,3 milliard.


Blant lotteria er det landslotteria som har størst omsetning, nesten 0,5 milliard⁹. For dei andre lotteria estimerer vi omsetninga til 0,1 milliard.

⁶ Beløpet er utan gjenspel, dvs. at vi ikkje har rekna med verdien av gevinstar som er brukt til nye spel i staden for å bli utbetalt.

⁷ Vi har i tillegg estimert 72 mill i omsetning på underhaldningsautomatar.

⁸ Bingoautomatar og databingo.

⁹ Omsetninga 493 mill. er inklusiv 7 mill i andre inntekter enn loddsal.



Gevinstar og premiar

Tal i millionar	Brutto omsetning	Gevinst	Netto omsetning	Prosent gevinst
Norsk Tipping	7 861	4 122	3 739	52 %
Norsk Rikstoto	2 626	1 739	888	66 %
Extra – stiftelsen				
Helse og Rehabilitering	746	373	373	50 %
Automatar *	8 958	6 412	2 546	72 %
Landslotteri	493	74	419	15 %
Bingo med entreprenør*	1 337	967	370	72 %
Bingo utan entreprenør**	290	185	105	64 %
Lokale/regionale lotteri**	100	20	80	20 %
Totalt	22 411	13 891	8 520	62 %

*) Delar av omsetninga (brutto og netto) er estimert for gevinstautomatar. For entreprenørbingo er brutto omsetning estimert for delar av elektroniske sidespel.


***) Omsetning for bingo utan entreprenør og for lokale/regionale lotteri er utelukkande estimat. Gevinstprosent for bingo utan entreprenør er basert på tidlegare kartlegging. For lokale/regionale lotteri har vi estimert og avrunda til 20%.

Totalt vann spelarane tilbake 13,9 milliardar kroner av innsatsen på 22,4 milliardar, og vann mest tilbake frå automatar (72 prosent) og entreprenørbingo (72 prosent). For automatane sin del er det snakk om at dette er utbetalt gevinst utan at det som blir nytta på nye spel før utbetaling blir medrekna. Same tilhøve kan også gjelde for elektroniske sidespel i bingo.

For lotteri er gevinst ofte bokført med lotteriet sin gevinstkostnad. For vinnaren kan premien ha høgare verdi enn det som kjem fram her. Lotteri kan oppnå rabattar ved kjøp av premiar og til mindre lotteri er gjerne premiar gitt som gåver utan at dette går fram av rekneskap.

Sidan prosent for utbetalt gevinst er relativt høg for gevinstautomatar er det ikkje dette spelet som har størst netto omsetning. Etter at gevinstar er utbetalt er det Norsk Tipping som har størst netto omsetning og dermed har mest å fordele på aktørane.

Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden



	Netto omsetning		Formål		Administrativ kostnader	
	Mill	Mill	Prosent	Mill	Prosent	Prosent
Norsk Tipping	3 739	2 507 ¹⁰	67 %	1 232	33 %	
Norsk Rikstoto	888	483	54 %	405 ¹¹	46 %	
Ekstra	373	183 ¹²	49 %	123	33 %	
- NT's op.godtgj. til NT-formål		68	18 %			
Automatar	2 546	917	36 %	1 629	64 %	
Landslotteri	419	128	30 %	291	70 %	
Bingo med entreprenør	370	72	20 %	298	80 %	
Bingo utan entreprenør	105*	60*	57 %	45*	43 %	
Lokale/regionale lotteri	80*	60*	75 %	20*	25 %	
Totalt	8 520	4 478	53 %	4 042	47 %	

*) Estimerte beløp

Ein stor del av formålet sine inntekter kom frå spela til Norsk Tipping og Norsk Rikstoto. Her var også ein forholdsvis stor prosentvis del til formålet (hhv. 67 pst og 54 pst).


Blant private spel- og lotteri er det bingo utan entreprenør, lokale lotteri og talspelet Extra som hadde størst prosentvis del til formålet. Dei andre hadde større prosentvis del administrative kostnader¹³. Minst var formålsprosenten for entreprenørbingo.

¹⁰ og ¹² Norsk Tipping inntektsfører operatørgodtgjersle frå Extralotteriet. Denne kjem i tillegg til NT sine kostnader med spelet og inngår deretter i overføring til Norsk Tipping sine formål. I år 2001 utgjorde dette 67,5 mill.

¹¹ I Rikstoto sine administrative kostnader inngår 97,2 mill som er avgift til staten.

¹³ Alle kostnader ved eit spel eller lotteri som ikkje er gevinstkostnad.

Formålet sine inntekter utgjorde totalt nær 4,5 milliardar kroner. Den følgjande figuren viser kor mykje av dette som kom frå dei ulike spel og lotteri.



Administrative kostnader utgjorde totalt 4 milliardar kroner. Dette er operatør, entreprenør og ev. tredjepart sin del av inntektene.

For Norsk Tipping, Ekstralotteriet, Norsk Rikstoto og gevinstautomatane kan vi vise kor stor del av netto omsetninga som går til dette 3. leddet (for andre spel/lotteri har vi ikkje tal, men her også kan det vere utgifter til kommisjonær, telemarketing osv.).

	Netto omsetning mill	Kostnader til kommisjonær eller lokalinnhavar mill	Prosent av netto omsetning
Norsk Tipping	3 739	591	15,8 %
Extra	373	57	15,2 %
Norsk Rikstoto	888	164	18,4 %
Automatar *	2 546	491	19,3 %
Totalt	7 546	1 302	17,3 %

**)Estimat*

Frå desse spela går 1,3 milliard kroner, eller 17 prosent av netto omsetning, til kommisjonær eller lokalinnhavar. Størst prosentvis del av netto omsetning går frå automatane, men største beløpet frå Norsk Tipping sine spel.

Norsk Rikstoto sine kommisjonærar fekk 18,4 prosent av netto omsetning. Rikstoto har likevel fleire salskanalar, og difor blir prosenten større om vi avgrensar omsetninga til sal gjennom kommisjonærleddet (om lag 22 prosent dersom prosentvis del av omsetning i kvar salskanal er den same for brutto og netto omsetning).

Formålet sine inntekter fordelt på kategoriar

Fordeling av spel- og lotteriinntekter år 2001

	Mill	Prosent
Idrett	1 233	28 % *
Kultur (statsbudsjettet)	858	19 %
Musikk/kultur/fritid	50	1 % *
Forsking (statsbudsjettet)	858	19 %
Hest/hestesport	483	11 %
Helse	414	9 % *
Humanitær	399	9 % *
Diverse	63	1 % *
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	120	3 %
Totalt	4 478	100 %

**) I tillegg får formåla delar av 120 millionar som i tabellen er uspesifisert (samla 3 prosent).*

Idrett (1 233 millionar +)

Her inngjekk overføring frå Norsk Tipping (858 millionar), estimert automatinntekt (314 millionar), entreprenørbingo (37 millionar) og inntekt frå landslotteri (24 millionar). Idretten hadde elles inntekt frå foreiningsbingo og lokale lotteri som ikkje er medrekna.

Inntekt frå bingo, lotteri og automat var i minst grad øyremerkte, og gjekk i større grad til lokale lag som frie midlar.

Kultur og fritid (908 millionar +)

Også her var det store inntekter, men merk at det meste til kulturformål kom via statsbudsjettet frå Norsk Tipping (858 millionar).

I tillegg har vi talt opp eller estimert 50 millionar frå andre typar spel og lotteri, utan at inntekt frå lokale lotteri og bingo utan entreprenør er medrekna (estimert inntekt frå automatar, 32 millionar, entreprenørbingo 14 millionar og landslotteri 4 millionar). Dette var friare midlar som ikkje er knytt opp mot løyvingar over statsbudsjettet.

Forsking finansiert over statsbudsjett (858 millionar)

Desse midlane kom frå Norsk Tipping.

I tillegg gjekk også andre speleinntekter til forsking. Dette var forsking som lag og organisasjonar sjølv initierte og finansierte. Mellom anna finansierte stiftinga Helse- og Rehabilitering (Extra) i 2001 forsking for 60 millionar, og av idretten sine tippemidlar gjekk 21 millionar til forskings- og utviklingsarbeid.

Hest/hestesport (483 millionar)

Dette var inntekter som kom utelukkande frå Norsk Rikstoto.

Helse (414 millionar +)

Her inngjekk organisasjonar som til dømes Kreftforeningen, Blindeforbundet og Norges Handikapforbund.

183 millionar som stiftinga Helse- og Rehabilitering fekk frå Extraspelet, er med her. Desse går til prosjekt knytt til helse, sjukdom og levekår. Elles inngjekk 165 millionar estimert frå automatar, 59 millionar frå landslotteri og 7 millionar frå entreprenørbingo. Inntekt frå lokale lotteri og bingo utan entreprenør var ikkje medrekna.

Humanitær (399 millionar +)

Her inngår m.a. Røde Kors, Redningsselskapet, forutan mellom andre Redd Barna, Norsk Folkehjelp, Flyktningerådet og Lions.

Størst inntekt kom frå gevinstautomatane, estimert til 365 millionar der Røde Kors og Redningsselskapet fekk ein stor del. Anna inntekt kom frå landslotteri med 27 millionar og entreprenørbingo med 8 millionar. Inntekt frå bingo utan entreprenør og lokale lotteri er ikkje medrekna.


Diverse organisasjonar (63 millionar)

Her inngår religiøse organisasjonar, politiske parti eller organisasjonar som entreprenørar eller Lotteritilsynet ikkje kunne plassere i gruppene framfor.

Inntektene kom frå automatar (41 millionar), entreprenørbingo (7 millionar) og landslotteri (14 millionar).

Uspesifiserte inntekter (120 millionar)

Dette er alt estimert inntekt frå bingo utan entreprenør og lokale/regionale lotteri. I oppstillinga har vi ikkje datagrunnlag for å fordele inntektene på formål ovanfor.



Dersom lesarar vil samanlikne tal med år 2000 må ein vere merksam på at vi har endra nokre av kategoriane, og dermed er ikkje alle kategoriar samanliknbare.

Endring i omsetning frå år 2000

For einskilde spel og lotteri er det vanskeleg å gi eksakte endringar, mellom anna fordi vi nyttar ulike estimat i delar av materialet. For 2001 er datagrunnlaget større for automatverksemd og entreprenør-bingo. For lokale lotteri og bingo utan entreprenør er tal for 2001 utelukkande estimat.

Marknaden totalt

Tal i millionar	2000	2001	Endring
Brutto omsetning	20 698	22 411	+ 8 %
Netto omsetning	8 137	8 520	+ 5 %

Ifølgje tabellen har brutto omsetning auka med 8 prosent. Den reelle endringa er noko mindre då ein for år 2001 fangar opp meir av brutto omsetning enn ein gjorde for 2000.

Større endring på brutto omsetning kan også forklarast med at gevinstandel i einskilde spel er endra i datagrunnlag og i estimat, eller at omsetning har flytta frå ein type spel til ein annan.

Andre årsaker nemner vi i gjennomgang av dei ulike spela.

Norsk Tipping

Tal i millionar	2000	2001	Endring
Brutto omsetning	7 562	7 861	+ 4 %
Netto omsetning	3 625	3 739	+ 3 %

Norsk Tipping aukar brutto omsetning med 4 prosent medan netto omsetning aukar noko mindre. Dette skuldast at oddsspel har hatt forholdsvis stor vekst samstundes som dette er spel med høgare gevinstprosent.

Extralotteriet

Tal i millionar	2000	2001	Endring
Brutto omsetning	715	746	+ 4 %
Netto omsetning	358	373	+ 4 %

4 prosent vekst både for brutto og netto omsetning.

Rikstoto

Tal i millionar	2000	2001	Endring
Brutto omsetning	2 572	2 626	+ 2 %
Netto omsetning	872	888	+ 2 %

2 prosent vekst både for brutto og netto omsetning.

Gevinstautomatar

Tal i millionar	2000	2001	Endring
Brutto omsetning	7836	8958	+ 14 %
Netto omsetning	2307	2546	+ 10 %

Omsetninga har auka, og større auke i brutto omsetning skyldast m.a. bruk av større gevinstprosent i estimat (70,56% for år 2000 og 71,58% i år 2001).

Estimat for 2001 er gjort på eit større datagrunnlag enn Lotteritilsynet hadde for 2000. Vi gjer også merksam på at det er større feilmargin for tal på brutto omsetning enn for netto omsetning, fordi det er større grad av estimat i tala for brutto omsetning.

Endring i omsetning frå år 2000

Entreprenørbingo

Tal i millionar	2000	2001	Endring
Brutto omsetning	1 063	1 337	(+ 26 %)
Netto omsetning	350	370	+ 6 %

På brutto omsetning er det ein stor auke, med den er ikkje reell. Auken for netto omsetning er mindre.

Auke i brutto omsetning har fleire årsaker. Ei forklaring er at ein for 2001 har fanga opp eller har estimert all brutto omsetning på sidespel. Dette vart ikkje gjort for år 2000. Dette påverkar likevel ikkje auken i netto omsetning. Samla gevinstprosent for 2001 er og høgare enn det vi registrerte for 2000.

Ei anna forklaring er at vi i år har med ein del under entreprenørbingo som tidlegare har vore rekna i kategorien bingo utan entreprenør. Dette påverkar også netto omsetning.

Ei siste forklaring kan vere at delar av omsetninga har gått over til spel med annen gevinstprosent. M.a. ser vi auke i talet på bingoautomatar. Dette kan og bidra til at bruttoomsetninga stig meir enn netto omsetning.

Landslotteri

Tal i millionar	2000	2001	Endring
Brutto omsetning	532	493	-7 %
Netto omsetning	432	419	-3 %

Landslotteri har hatt ein nedgang, mellom anna vart det i 2001 registrert 52 lotteri medan talet for året før var 58. Mindre reduksjon for netto omsetning skuldast at det vart registrert forholdsvis mindre gevinstkostnader i år 2001.

Andre spel/lotteri

Omsetninga for bingo utan entreprenør og for lokale/regionale lotteri har Lotteritilsynet for år 2001 estimert. Basert på opplysningar frå politiet har vi lagt til grunn ein reduksjon på 12 prosent for bingo utan entreprenør. Heile reduksjonen er ikkje reell då delar skuldast overføring av omsetningsstal til entreprenørbingo.

For lokale lotteri har vi estimert eit beløp for 2001 som kan omfatte fleire av dei mindre lotteria som ikkje inngjekk i 2000-tala. Dette gjer ei samanlikning vanskeleg.


Varierende talmateriale

Det er først og fremst for Norsk Tipping, Rikstoto, Extra og Landslotteri at vi har presise tal for å sjå endring. Vi kan og slå fast at automatane har hatt ein auke, og etter vår oversikt den største omsetningsveksten av alle spel og lotteri.

For bingoentreprenørar er ei ev. endring meir vanskeleg å anslå, m.a. fordi Lotteritilsynet i 2000 hadde eit dårlegare og mindre talgrunnlag enn for 2001. Vi trur endringa i marknaden reelt sett har vore lita, og at endring som kjem fram ovanfor først og fremst skuldast endring i kartleggingsmetodikk.

Norsk Tipping – egne spel og Extra

Norsk Tipping AS (NT) har fleire spel i sin portefølje. Samla brutto omsetning (før gevinstutbetaling) var 7,86 milliardar kroner i år 2001. I tillegg er NT operatør for talspelet Extra som hadde ei omsetning på nær 0,75 milliard.¹⁴



Nær to tredjedelar av samla innsats vart sett på talspel. Legg ein til omsetninga frå Flaxloddet, kjem 73,6 prosent av omsetninga frå spel der sjansen for gevinst er heilt tilfeldig.

Sportsspele Tipping og Oddsen stod for 26,4 prosent av omsetninga. Dette er spel der kunnskap om sport kan auke vinnarsjansane.

Brutto omsetning fordelt på type spel	Millionar	Prosent
Talspel: Lotto, Viking Lotto og Joker	5 099,8	64,9 %
Sportsspel: Tipping og Oddsen	2 076,4	26,4 %
Skrapelodd: Flax	684,3	8,7 %
Sum = Brutto omsetning	7 860,5	100,0 %

Omsetning og gevinst - i millionar	Talspel	Sportsspel	Skrapelodd	Totalt
Total brutto omsetning	5 099,8	2 076,4	684,3	7 860,5
Totalt til gevinst	2 549,9	1 222,8	348,9	4 121,6
Netto omsetning	2 549,9	853,6	335,4	3 738,9

Omsetning og gevinst - i prosent av brutto omsetning	Talspel	Sportsspel	Skrapelodd	Totalt
Total brutto omsetning	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %
Totalt til gevinst	50,0 %	58,9 %	51,0 %	52,4 %
Netto omsetning	50,0 %	41,1 %	49,0 %	47,6 %

¹⁴ Samla omsetning gjennom NT var difor 8,61 milliardar i 2001

Samla sett gjekk 52 prosent tilbake til spelar som gevinst. 48 prosent gjekk til fordeling mellom operatør, kommisjonærar og formål.

Størst gevinstdel gir sportsspel der oddsspela har høgste prosent. Oddsspel har samla gevinstprosent 66,2. For den tradisjonelle tippekupongen er prosenten 50.

Ein kan delta i Norsk Tipping sine spel via kommisjonær eller Internett. Talet på kommisjonærar har gjennom 2001 auka frå 3 801 (1. januar) til 3 846 (31. desember).

Det meste av omsetninga gjekk gjennom kommisjonærnettet. Våren 2001 starta eit prøveprosjekt med spel via Internett, og i fjor spelte nordmenn for 3,3 millionar på NT sine egne spel¹⁵ over Internett (2 mill på Tipping og Oddsen, og 1,3 mill på talspel). Spel over Internett vart ei permanent ordning frå 21. mai 2002.

Extra

Extra er eit talspel som blir drive av Norsk Tipping AS på vegner av stiftinga Helse og Rehabilitering. Overskotet blir fordelt av stiftinga på ulike prosjekt innan helse, rehabilitering og forskning.

I 2001 vart det spelt Extra for 746 millionar kroner. Gevinstprosenten var 50.

Omsetning og gevinst	Millionar	Prosent
Total brutto omsetning	746,1	100,0 %
Totalt til gevinst	373,1	50,0 %
Netto omsetning etter gevinst	373,0	50,0 %

Som for Norsk Tipping sine egne spel kan ein delta gjennom NT sine kommisjonærar eller Internett, men berre 0,2 million av samla innsats kom via Internett i år 2001.

¹⁵ Extra kjem i tillegg med 0,2 millionar.

Netto omsetning og fordeling

Norsk Tipping

Etter gevinstutbetaling var netto omsetning for Norsk Tipping 3 738,9 millionar kroner.

Fordeling	Millionar	Prosent
Til formål	2 507,4	67,1 %
Til Norsk Tipping AS	640,8	17,1 %
Til kommisjonær	590,7	15,8 %
Sum = nettoomsetning	3 738,9	100,0 %

Reell fordeling frå Norsk Tipping til formål var noko høgare enn vist her (2 574,9millionar). Dette fordi selskapet også inntektsfører operatørgodtgjersla frå Extraspelet. I 2001 utgjorde operatørgodtgjersla 67,5 millionar.

Fordeling til formål


2 574,9 millionar¹⁶ vart fordelt til formåla idrett, kultur og forskning. Dei tre formåla fekk ein tredjedel kvar, dvs 858,3 millionar kroner på kvar sektor. For kultur og forskning blir midlane tilført statsbudsjettet for respektive område, og er såleis eit bidrag til statskassa.

For idrett er fordelinga meir spesifikk. Tabellen under har nøkkeltal henta frå Kulturdepartementet si pressemelding 26. april 2002.

Fordeling av tippemidlar til idretten			Frå einsskilde underpostar
Idrettsanlegg	415,0 mill	(48%)	Idrettsanlegg i kommunane 396,0 mill.
Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité	299,5 mill	(35%).	Grunnstøtte særforbund utgjer 116,0 mill
Tilskot til lokale lag og foreiningar	86,0 mill	(10%)	
Spesielle aktivitetar	23,9 mill	(3%)	Fysisk aktivitet, lokal tilhøring og sosial integrasjon utgjer 16,3 mill.
Forskings- og utviklingsarbeid	20,9 mill	(2,4%)	Idrettsforskning utgjer 14,8 mill.
Nasjonalanlegg/ Spesielle anlegg	13,0 mill	(1,5%)	
Totalt	858,3 mill	(100%)	

¹⁶ 2507,4 mill frå egne spel + 67,5 mill frå operatørgodtgjersle Extra.

Det meste av idrettens tippemidler (83 prosent) går til idrettsanlegg og til Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité (hvh. 48 prosent og 35 prosent). Diagrammet under viser prosentvis fordeling.



Norsk Tipping og kommisjonærane

Frå NT sine egne spel fekk kommisjonærar 15,8 prosent av netto omsetning, i alt 590,7 millionar i provisjon. Legg ein til provisjon frå Extraspelet blir beløpet 647,4 millionar.

Om det i snitt var 3 818 kommisjonærar¹⁷ i 2001, ville kvar i snitt hatt ei inntekt på 170 000 kroner medrekna Extra.

Andre nøkkeltal for operatøren Norsk Tipping

NT sin del av inntekt frå egne spel og Extra (til NT's drift)	706,8 mill
NT sin samla netto kostnader ¹⁸	617,6 mill
Midlar som er halde tilbake i NT (investeringsfond)	89,2 mill

Ved årets slutt var det halde tilbake 89,2 mill i investeringsfond.

Extra

Netto omsetning (etter gevinstutbetaling) for Extra er 373 millionar til fordeling mellom aktørane.

Fordeling	Millionar	Prosent
Til formål (stiftinga Helse og Rehabilitering)	182,8	49,0 %
Til Norsk Tipping AS	133,5	35,8 %
Til kommisjonær	56,7	15,2 %
Sum = netto omsetning	373,0	100,0 %

Ein del av overføringa til NT, er operatørgodtgjersle og ikkje relatert til NT sine kostnader med spelet. I år 2001 utgjorde dette 67,5 millionar, og operatørgodtgjersla inngår deretter i NT si overføring til NT sine formål (idrett, kultur og forskning). Dette utgjør 18,1 prosent av Extra si netto omsetning.

¹⁷ Snittal frå Norsk Tipping – aktive kommisjonærar.

¹⁸ Samla nettokostnader: Alle kostnader, men utan provisjon. Korrigert for netto inntekt av finansielle postar og andre inntekter/kostnader som ikkje er spesifikt relatert til Norsk Tipping sine spel.



Fordeling til formål i år 2001

Stiftinga fordeler midlar frå Extraspelet på ei rekkje organisasjonar. Alle norske frivillige, humanitære og samfunnsnyttige organisasjonar og funksjonshemma sine interesseorganisasjonar, kan søkje midlar. Midlar blir fordelt til prosjekt vurdert ut frå faglege kvalitetskrav og relevans i høve til stiftinga sine retningslinjer.

I 2001 vart det frå stiftinga Helse og Rehabilitering utdelt i alt 188 millionar fordelt på 643 prosjekt.


Fordeling	Millionar	Prosent
Til formål (stiftinga Helse og Rehabilitering)	182,8	49,0 %
Til Norsk Tipping AS	133,5	35,8 %
Til kommisjonær	56,7	15,2 %
Sum = netto omsetning	373,0	100,0 %

Fordeling	Millionar	Prosent
Førebygging	55,1	32 %
Forskning	60,3	35 %
Rehabilitering	55,6	32 %
sum	171,0	100 %
10% adm.tilskot til mottakarorganisasjon	17,1	
Totalt	188,1	



Norsk Rikstoto

Norsk Rikstoto har fleire spel der det blir spelt på hest. Samla omsetning før gevinstutbetaling var vel 2,6 milliardar kroner i år 2001.



Omsetning og gevinst	Millionar	Prosent
Total brutto omsetning	2 626,3	100,0%
Totalt til gevinst	1 738,6	66,2 %
Netto omsetning	887,7	33,8 %

To tredjedelar av totalomsetninga gjekk tilbake til spelar som gevinst. Ein tredjedel gjekk til fordeling på operatør, kommisjonærar og formål.

Rikstoto sine spel kan spelast hos kommisjonærar, på baner eller via Internett. Talet på kommisjonærar har gjennom 2001 auka frå 1 132 (1. januar) til 1 265 (31. desember). Gjennom heile året var det 12 trav- og galoppbaner.

Det meste av omsetninga, 83,8 prosent gjekk gjennom kommisjonærnett. Omsetninga på løpsbaner utgjorde 14,9 prosent, medan Internett stod for 1,3 prosent. Merk at Internett først var aktuelt frå 24. april, og då som ei prøveordning som framleis gjeld.

Brutto omsetning i salskanalar	Millionar	Prosent
Kommisjonær	2 201,2	83,8 %
Baner	392,1	14,9 %
Internett (start 24. april 2001)	33,0	1,3 %
Total	2 626,3	100,0 %

Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden

Etter at Norsk Rikstoto sine spelarar hadde fått utbetalt sine gevinstar, var det 887,7 millionar til fordeling mellom aktørane.

Fordeling av netto omsetning	Millionar	Prosent
Til formål	483,0	54,4 %
Avgift til staten	97,2	10,9 %
Til operatør (Rikstoto)	143,9	16,2 %
Til kommisjonær	163,7	18,4 %
Sum (netto omsetning)	887,7	100,0 %

Fordeling til formål	Millionar	
V75 premiar		54,3
Transporttilskot		2,0
Norsk Hestesenter		17,5
Det Norske Travelskap		53,1
Norsk Jockeyklubb		14,8
Bidrag avskrivning finans		30,9
Provisjon driftsselskap (banene)		310,4
derav drift løpsbaner ^{19,20}	151,7	
derav premiar til hesteeigarar	158,7	
Totalt		483,0

Forklaring til dei ulike formåla

V75-premiar er samla premiar til hesteeigarar som er utbetalt i V75-løp.

Norsk Hestesenter på Starum mottar driftstilskot frå Norsk Rikstoto. Norsk Hestesenter skal ta vare på og vidareutvikle hestenæringa, og sjå til at det finst kvalifiserte og kompetente yrkesutøvarar.

Det Norske Travelskap (DNT) skal ivareta dei sportslege aktivitetane innan travsporten. DNT mottek driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

Transporttilskot blir overført til DNT som utbetaler støtte til aktive for transport av hestar til løpsbaner.


Norsk Jockeyklubb (NJ) skal ivareta dei sportslege aktivitetane i galoppporten. NJ mottar driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

Bidrag avskrivning finans er finansiell støtte som Norsk Rikstoto gir til DS (totalisatorbanene). Dette er støtte som kjem i tillegg til provisjon av omsetning i totalisatorbanene sine regionar.

Provisjon driftsselskap (DS) blir utrekna etter omsetning som blir generert i regionen til det enkelte DS. Inntekt skal dekkje drift på den enkelte løpsbane og premiar til hesteeigarar på ordinære løp som banene arrangerer.

¹⁹ Beløp inneheld vederlag for sal av spel på banene og lokal marknadsføring mot kommisjonærar i regionane.

²⁰ Underskot på drift av banene viser 10,6 mill kroner. Auke av midlar til formålet er finansiert ved underskott i Norsk Rikstoto og baner.



Statsavgift

Avgift til staten (97,2 millionar) er ei rein fiskalavgift til statskassa utan øyremerking.

Rikstoto og kommisjonærane

Kommisjonærar fekk 18,4 prosent av samla netto omsetning. Ikkje heile omsetninga kom frå denne salskanalen. Legg ein til grunn høvesvis del som for brutto omsetning, vil kommisjonærar si inntekt utgjere 22,0 prosent²¹ av netto omsetning.

Om det i snitt var 1 198 kommisjonærar i 2001, ville kvar i snitt hatt ei inntekt på 137 000 kroner.

Andre nøkkeltal for operatøren Norsk Rikstoto 2001 RT sine inntekter frå hestespel 143,9 mill

Andre inntekter 44,0 mill Samla kostnader 203,4 mill Årsresultat -15,5 mill

Entreprenøren Norsk Rikstoto hadde eit underskot på 15,5 millionar.

Mellom anna har auke i talet på kommisjonærar medført auke i driftskostnader. Auka driftskostnader skuldast i hovudsak auka avskrivningar (9 millionar), finanskostnader (2,9 millionar) og tap på fordringar (4,1 millionar).

²¹ 163,7 mill/(887,7 x 0,838)

Automatar

Her viser vi tal for gevinstautomatar og underhaldningsautomatar²². Bingoautomatar er ikkje med då desse vert rekna som sidespel til bingo. Tal for bingoautomatar blir omtalt annan stad.

Gevinstautomatar

Vi har data frå 77 entreprenørar som til saman hadde utplassert 18 306 gevinstautomatar ved årsskiftet 2001/2002.

I tillegg kjenner Lotteritilsynet til at 30 andre entreprenørar også har hatt automatdrift, men i mindre målestokk. Desse har ikkje returnert spørjeskjema, og difor har vi ikkje omsetningstal. Ut frå tilgjengeleg informasjon²³ reknar Lotteritilsynet med at desse 30 entreprenørane hadde utplassert ca 700 automatar ved årsskiftet 2001/2002.

Vi viser vil vedlegga med tanke på metode for innsamling av data og estimatmetoden som er brukt.

Totalt rekna Lotteritilsynet marknaden til å omfatte ca 19 000 gevinstautomatar pr 31. desember 2001. Tal i denne gjennomgangen er basert på konkrete tal og estimat gjort for dei entreprenørane som ikkje har svart.

Estimerte nøkkeltal for gevinstautomatar i år 2001

Brutto omsetning (pengar inn)	8 958 mill
Utbetalt gevinst (pengar ut)	6 412 mill
Netto omsetning	2 546 mill
til entreprenør	1 138 mill
lokalinnehavar	491 mill
formål (lag og organisasjonar)	917 mill
Formålets del av brutto omsetning	10%
Formålets del av netto omsetning	36%
Utbetalt gevinst av brutto omsetning	72%

Brutto omsetning er estimert til nær 9 milliardar kroner. Dette er beløp som fysisk er lagt på automatane, og det vil seie at verdi av gjenspel ikkje er medrekna.

Tilsvarande vart om lag 6,4 milliardar kroner utbetalt i gevinstar. Om ein hadde rekna med gevinst som er brukt på nye spel, ville gevinstprosent vore høgare. Men for kvar 10-kroning som er putta på ein automat, er litt over 7 kroner utbetalt som endeleg gevinst.

Netto omsetning er samla beløp som spelarar har lagt igjen/tapt på automatspel. Vel 2,5 milliardar kroner låg igjen til fordeling mellom aktørane i marknaden - formål, entreprenør og lokalinhavar.

Det meste av netto omsetning og inntekt til lag og foreiningar er reelle tal, men i tillegg har Lotteritilsynet lagt til eit estimert beløp for 700 automatar der vi ikkje har omsetnings- og inntektstal for 2001.

²² Denne delen omfattar automatar oppstilt etter forskrift om oppstilling av gevinst- og utbetalingsautomatar. Også eit mindre tal lottoautomatar etter forskrifter om oppstilling av lotteriautomat.

²³ Telefonsamtalar til entreprenørar og politi. Lotteriregisteret, arkivsystem og tidlegare registrering av entreprenørar.

Automatar

I tillegg til sjølve automattalet byggjer dei estimerte beløpa på to sentrale føresetnader:

Sidan entreprenørar vi ikkje har tal frå er forholdsvis små, reknar vi med at deira snittomsetning per automat er lik snittet i vårt datamateriale når vi utelet dei største aktørane.

Vi føreset og at entreprenørane fordeler inntektene slik som forskrift tilseier.

Nøkkeltal	Tal frå entreprenør	Estimert tillegg	Totalt	Estimat i prosent av totalen
Netto omsetning	2 416 mill	130 mill	2 546 mill	5,1 % ²⁴
Del til formålet	876 mill	41 mill	917 mill	4,5 %

Det er alltid knytt usikre faktorar til estimerte beløp. Difor viser vi her feilmarginar/slringringsmonn for netto omsetning og beløp til formålet dersom automattal eller snittomsetning var forskjellig frå dei tala vi har nytta:

Feilmargin/slringringsmonn dersom	Netto omsetning	Beløp til formålet
automattalet vart endra med 100 snittomsetning pr automat blei endra med 10 000	18 mill 7 mill	6 mill 2,5 mill

Sidan det meste av inntektstala er reelle tal oppgitt av entreprenørar, blir slringringsmonnet relativt lite. Beløp til formålet endrar seg relativt lite med ei endring på t.d. 100 automatar.

Om vi i estimatdelen hadde lagt til grunn snittomsetning pr automat²⁵ i heile datamaterialet vårt og ikkje utelate tal frå dei største entreprenørane, ville netto omsetning i denne rapporten blitt 32 millionar lågare, og formåla sine beløp redusert med 11 millionar (sjå vedlegg for reknemåte og feilmarginar).

Frå innkomne data kan vi anslå fordeling av gevinstautomatar på ulike oppstillingsstader:

Oppstillingsstad	Automatar	Prosent	
Daglegvareforr.	4 000	21 %	35%
Varehus	2 700	14 %	
Kiosk	4 600	24 %	35%
Bensinstasjonar	2 100	11 %	
Servering/overnatting	3 200	17 %	30%
Andre	2 400	13 %	
Totalt	19 000	100 %	100%

Automatane er oppstilt på ulike stader. Om lag ein tredjedel er plasserte i daglegvareforretningar eller varehus/kjøpesenter. Ein tredjedel står i kioskar og bensinstasjonar. Dei resterande finn vi andre stader og som oftast på serverings- eller overnattingsstader.

²⁴ At estimatprosenten er høgare for netto omsetning enn for beløp til formål skyldast at vi har estimert avvik for entreprenørar som i datamaterialet har oppgitt opptalt omsetning, men ikkje omsetning iflg. telleverk.

²⁵ Totalt var snitt pr automat kr 128 384. Snittet for automatar hos entreprenørar med mindre enn 500 automatar kvar var kr 176 740.

Netto omsetning og fordeling på aktørane

2 546 millionar er estimert beløp for det som teljeverk har registrert at spelarar har lagt igjen på automatane. Beløpet er ikkje identisk med det som fysisk er opptalt ved tømning. Differansen (avvik) skuldast mellom anna tjuveri, manipulering, feil i system eller rutinar for avlesing.

Vårt estimat for avvik er samla sett 42 millionar som teljeverk har registrert, men som ikkje er talt opp ved tømning. Dette beløpet inngår i entreprenørs del av omsetninga i den følgjande tabellen:

Fordeling av netto omsetning

	Millionar	Prosent
Til formål (lag og organisasjonar)	917	36 %
Til lokalinnhavar	491	19 %
Til entreprenør	1 138	45 %
Sum = netto omsetning	2 546	100 %

Fordeling til formål

Totalt har vi estimert 917 millionar fordelt til ulike formål. Av netto omsetning utgjør dette 36 prosent som ligg 1 prosent over forskrifts minstekrav.


Her viser vi korleis dette beløpet er fordelt på ulike kategoriar av lag og organisasjonar. Fordelinga viser vi på to måtar:

- 1) Slik som entreprenørar har oppgitt.
- 2) Slik som entreprenørar har oppgitt, men i tillegg vår estimerte fordeling av uspesifiserte og estimerte inntekter.

Fordeling av automatinntekter	1) Slik entreprenørar oppgir		2) Estimert fordeling inkl. fordeling av uspesifisert og estimert inntekt		
	Millionar	Prosent	Millionar	Prosent	Del av beløp som er estimert ²⁶
Idrett	272	31 %	314	34 %	13 %
Helse	144	16 %	165	18 %	12 %
Musikk/Kultur/Fritid	28	3 %	32	3 %	13 %
Humanitær	360	41 %	365	40 %	1 %
Diverse	36	4 %	41	5 %	13 %
Uspesifisert	35	4 %			
Totalt	876	100 %	917	100 %	8 %

Oversikten er basert på kategorisering gjort av entreprenørane og vårt estimat frå datagrunnlaget.

²⁶ Vi har estimert fordeling på kategoriar for den del av formålsmidlar som ikkje er spesifisert frå entreprenørar (35 mill) og for vårt estimat av 700 automatar (41 mill), (totalt 76 mill, eller 8% av 917). Utgangspunktet er kjend prosentvis fordeling i datamaterialet etter «korrigering» for det entreprenørar med eige formål har fordelt til seg sjølv (Røde Kors, Redningssselskapet og NHF). Denne prosentvise fordelinga er så lagt til grunn for beløp som entreprenørar ikkje har spesifisert og for estimert inntekt frå manglande automatar.



Humanitære organisasjonar fekk mest frå automatane, estimert til 365 millionar. Her inngår m.a. Røde Kors og Redningssselskapet der mykje går til dei sentrale ledd i organisasjonane.

Idretten fekk også ein stor del. Entreprenørar har oppgitt 272 millionar, men talet blir 314 millionar når vi legg til vårt estimat for uspesifiserte inntekter og manglande automatomsetning. Det meste her går til lokale lag eller krinsar.

Den tredje største gruppa, helseorganisasjonar, er estimert med inntekt på 165 millionar kroner. Her inngår m.a. Norges Handikapforbund og Kreftforeningen. Viser elles til vedlegg for kategorisering av formål.

Gruppa "Diverse" omfattar foreiningar som spelar i pott, eller foreiningar som entreprenør har hatt problem å plassere i dei andre kategoriene (sjå vedlegg).

Entreprenør og lokalinnehavar

Lokalinnehavarar disponerer lokale der automatane står. Estimert for deira inntekt er 491 millionar, noko som utgjer 19 prosent. Etter forskrift kan lokalinnehavar maksimum motta 20 prosent.

Entreprenørar er oppført opp med 1 138 millionar. Dette utgjer 45 prosent som også er maksimum i forskrift. Alle kostnader som entreprenør har vil inngå i eller bli dekt av dette beløpet, mellom anna ev. agentavtalar og avvik.

I datamaterialet har vi registrert nær 21 millionar i avvik som er meldt til politiet. Sidan vi ikkje har svar frå alle er denne summen truleg høgare. I vårt oppsett er samla avvik estimert til 42 millionar, og politimeldte avvik utgjer ein forholdsvis stor del.

Ifølgje Statistisk Sentralbyrå vart det politimeldt 3 867 tjuveri frå automatar i 2001.

Gjennomsnittleg netto omsetning pr. automat

Netto omsetning ²⁷ pr automat i gjennomsnitt: (i kroner, avrunda til næraste 1000)	I datamaterialet (reelle tal)	Inkl. estimat av 700 automatar
Totalt for alle entreprenørar	128 000	130 000
Totalt for entreprenørar med eige formål (Røde Kors, Redningssselskapet og NHF)	102 000	102 000
Totalt for private entreprenørar	156 000	158 000

Entreprenørar med eige formål har jamt over mindre omsetning pr automat enn dei private. Om vi legg til grunn prosentvis del etter forskrift har dei private entreprenørane kunne fordele større beløp per automat til seg sjølve, til formålet og til lokalinnhavar.

Underhaldningsautomatar

Desse automatane har ikkje pengepremiar, og det er ikkje krav om at delar av inntektene skal tilfelle lotteriverdige formål. Difor går det meste²⁸ av inntektene uavkorta til entreprenør og lokalinnhavar.

Automattalet

Vi har svar frå 27 entreprenørar som samla oppgir 2 139 automatar pr. 31. desember 2001. I tillegg kjenner vi til ca 20 automatar som vi ikkje har fått innrapportert.

Lotteritilsynet reknar difor at det ved årsskiftet 2001/2002 stod utplassert nær 2 200 underhaldningsautomatar.

Ikkje alle automatane treng oppstillingsløyve. Av praktiske årsaker er dei likevel med i entreprenørens rekneskap. Til dømes gjeld dette biljardbord eller dartspel. I vårt materiale har 24 entreprenørar med i alt 1 878 automatar oppgitt at ca 1 250²⁹ av dei har oppstillingsløyve. Dette tyder på at berre 2/3 av automatane treng løyve.

Omsetning i 2001

Omsetninga for fjoråret er estimert til 72 millionar (sjå vedlegg for berekningsmåte). Av dette beløpet har lokalinnhavarar fått om lag 25 millionar.

Entreprenør sin del utgjer då 47 millionar. Meirverdiavgift blei innført 2. halvår 2001 og blir i hovudsak betalt av entreprenør sin del.

Underhaldningsautomatane er kort presentert her, og er i samleoppstilling berre nemnde i fotnote.

²⁷ Tal er utan estimat for avvik, utrekna på grunnlag av opptalt beløp ved tømning.

²⁸ Ein entreprenør oppgir 5049 kroner til formål.

²⁹ Ikkje eksakt tal sidan entreprenør skulle anslå prosentvis kor mange av automatane som var utan oppstillingsløyve.

Bingo deler vi i to typar:

- 1) Entreprenørbingo der entreprenør står for drifta medan lag/foreningar mottek overskotet.
- 2) Bingo utan entreprenør der lag/organisasjonar sjølve står for bingodrifta.

Vi har berre reelle tal frå entreprenørbingo³⁰. For resten av bingomarknaden har vi utarbeidd estimat.

Bingo med entreprenør

Dette er arrangement der profesjonelle entreprenørar driv bingo i egne lokale, og overfører overskot frå spel til ulike lag og organisasjonar.

Oversikten under er basert på tal for 75 entreprenørar som til saman dreiv 113 bingohallar pr. 31. desember.³¹ 6 av bingohallane er komne til gjennom året (pr. 1. januar var talet 107).

Estimerte nøkkeltal år 2001 (sidespel er inkludert)

Brutto omsetning *	1 337 mill
Gevinst *	967 mill
Netto omsetning	370 mill
Administrativ kostnad	298 mill
Overskot til formål	72 mill

Formålets del av brutto omsetning	5,4 %
Formålets del av netto omsetning (brutto omsetning – gevinst)	20 %
Gevinstprosent	72 %

**) Brutto omsetning og gevinst er estimert for entreprenørar som ikkje har oppgitt dette for elektroniske sidespel.*

Entreprenørbingo omsette for vel 1,3 milliard kroner. Til lag og organisasjonar vart det overført 72 millionar eller 5,4 prosent av brutto omsetning. Gevinstdel er 72 prosent, og formålet sin del av netto omsetning er 20 prosent.

Hovudspel og sidespel

Sidespel er inndelt i elektroniske sidespel og papirsidespel. Med elektroniske sidespel meiner vi bingoautomatar og databingo (databingo er spel med felles trekning utanfor hovudspelet).

Papirsidespel er til dømes "21" og "Mølle".

Entreprenørar med sidespel i 2001	Tal	Prosent
Bingoautomatar	36	48 %
Databingo	19	25 %
Papirsidespel	26	35 %
Ingen sidespel	13	17 %
Tal entreprenørar totalt	75	

Elektroniske sidespel er samla sett meir utbreidd enn papirsidespel, og flest oppgir at dei har bingoautomatar. Einskilde kan ha fleire typar sidespel. Merk at dette er tal for entreprenør og ikkje for bingohallar.

³⁰ Det meste av talmaterialet er innhenta hos entreprenørar, men ein skilde tal/nøkkelopplysningar har vi fått frå politiet, t.d. ved eigarskifte, opphøyr eller manglande svar osv. For 5 mindre entreprenørar er delar av omsetninga estimert.

³¹ Ein entreprenør har eit system der det blir spelt i link mellom fleire kafear. dette systemer er her registrert som ein bingohall.

Bingo

13 av entreprenørane hadde ikkje sidespel, men i staden for/i tillegg til, kunne entreprenørane også ha oppstilt ordinære gevinstautomatar³². Berre 10 entreprenørar (13 prosent) oppgav at dei ikkje hadde slike automatar. Tal frå desse automatane er ikkje med her, men inngår i tidlegare gjennomgang av gevinstautomatar. Formålsdelen frå desse automatane gjekk ofte til foreiningar som bingoane spelar for, men det er også bingoar som berre mottok den del av netto omsetning som tilfell lokalinnehavar.

Nøkkeltal for hovud- og sidespel

Tal i mill	Brutto omsetning	Gevinst	Gevinstprosent	Netto omsetning	Til formål
Hovudspel	923	660	72 %	263	
Sidespel:					
- bingoautomatar	203 *	152 *	75 %	51	
- databingo	194 *	144 *	74 %	50	
- papirsidespel	16	10	58 %	7	
Totalt	1 337	961	72 %	370	72

*) *Delvis estimat*

Det meste av omsetninga skjer i hovudspelet, men elektroniske sidespel har også ein stor del. Spel på bingoautomatar auka i omfang gjennom 2001. Per 1 januar 2001 var det oppgitt 147, medan talet per 31. desember var 345. Vi har ikkje tal på ev. endring for databingo og papirsidespel.

Ein god del av omsetninga går tilbake til spelar som gevinst. Papirsidespel har lågaste andel med 58 prosent. Elles ligg gevinstprosenten mellom 72 og 75.

Som tabellen viser går 72 millionar til dei spelande lag og foreiningar.

Omsetninga og fordeling til formålet

Ikkje alle entreprenørar har spesifisert fordeling til formål frå dei ulike spela, men vi viser her samla prosentvis fordeling frå dei som har spesifisert beløp. Tabellen under synleggjer 74 prosent av brutto omsetning (992 millionar) og 79 prosent av formålet sitt beløp (57 millionar). Dette gir ein peikepinn på korleis ulike spel bidreg til formålet sine inntekter.

Formålets prosentvise del frå hovud- og sidespel, der dette er spesifisert:

	Av brutto omsetning	Av netto omsetning	Talet på entreprenørar
Hovudspel	5 %	18 %	62 av 75
Sidespel – totalt	7 %	30 %	52 av 62
derav bingoautomatar	8 %	31 %	32 av 36
derav databingo	5 %	24 %	14 av 19
derav papirsidespel	16 %	39 %	20 av 26
Totalt for desse og alle spel	6 %	21 %	62 av 75
Totalt for alle entreprenørar og alle spel	5 %	20 %	75

For å synleggjere formålet si inntekt frå ulike spel samla sett, har vi berekna spesifisering for entreprenørar der dette ikkje er gjort. Legg vi til grunn deira omsetning, totalbeløp dei har overført til formål og forholdstal frå oppstillinga ovanfor, får vi eit overslag på formåla si inntekt frå dei ulike spela:

Hovudspel:	44 millionar	
Sidespel:	28 millionar	(bingoautomatar 16 mill, databingo 10 mill, papirsidespel 2 mill)
Totalt:	72 millionar	

³² Gevinstautomatar med løyve etter forskrift om oppstilling av gevinst- og underhaldningsautomat.

Bingo


Netto omsetning er beløpet som spelar har lagt igjen, og difor blir også kostnader som entreprenør ev. har til leige av utstyr, t.d. bingoautomatar og databingo, trekt frå dette beløpet. Det er ikkje kartlagt kor mykje kostnader til ev. tredjepart utgjer.

Av netto omsetning gjekk 20 prosent til formålet. Dette utgjer 72 millionar, og under viser vi korleis det fordeler seg på ulike kategoriar av lag. Fordelinga blir synt på to måtar: Slik entreprenørar oppgir, og i tillegg ei fordeling der vi har estimert fordeling frå det som entreprenørar ikkje sjølve har spesifisert.

Bingoentreprenørane spelte samla for 2 891 lag og foreiningar i år 2001.

Fordeling av bingoinntekter	1) Slik entreprenørar oppgir		2) Estimert fordeling inkl. fordeling av uspesifisert inntekt		
	Millionar	Prosent	Millionar	Prosent	Del av beløp som er estimert ³³
Idrett	34	47 %	37	51 %	8 %
Helse	7	9 %	7	10 %	8 %
Musikk/Kultur/Fritid	13	17 %	14	19 %	8 %
Humanitær	7	10 %	8	10 %	8 %
Diverse	7	9 %	7	10 %	8 %
Uspesifisert	6	8 %			
Totalt	72	100 %	72	100 %	8 %

Oversikten er basert på kategorisering gjort av entreprenørane og Lotteritilsynet sitt estimat frå datagrunnlaget.



Idretten får ein forholdsvis stor del av overskotet, her estimert til 37 millionar.

Blant dei andre kategoriane er det Musikk/kultur/fritid som har største andelen.

³³ Vi har estimert fordeling på kategoriar for den del av formålsmidlar som ikkje er spesifisert frå entreprenørar (6 mill).

Bingo utan entreprenør

Dei fleste bingoane her er omtalt som foreinings- eller bygdebingoar. I tillegg inngår bingo gjennom lokalradio og lokalfjernsyn.

Nøkkeltal er estimert på grunnlag av løyve gitt av politiet, rekneskapstal og talmaterialet for år 2000 (sjå vedlegg for berekningsmåte).

Om lag 1 500 lag og foreiningar inngår i oppstillinga under.

Estimerte nøkkeltal år 2001

Brutto omsetning år 2001	290 mill
Gevinst	185 mill
Netto omsetning	105 mill
Administrativ kostnad	45 mill
Overskot til formålet	60 mill
Formålets del av brutto omsetning	21 %
Formålets del av netto omsetning (brutto omsetning – gevinst)	57 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	64 %

Vårt estimatet for bingo utan entreprenør utgjer 290 mill, med eit overskot på 60 mill.

Samla bingoomsetning for lokalfjernsyn og lokalradio er 58 millionar³⁴. Det meste av dette er radio-bingo (56 mill). Etter vårt estimat vil deira del av brutto omsetning vere 20 %.

Vi har ikkje gjort anslag for korleis overskotet av bingoen fordeler seg på ulike kategoriar av formål.

³⁴ Kjelde Statens Medieforvaltning

Andre lotteri

Forutan automatspel og bingo har det i 2001 vore gjennomført om lag 3 000 ulike lotteri.

Dei fleste er lokale, men det er landsdekkande lotteri som har det meste av omsetninga. Denne delen omfattar mest landslotteri, men vi har og gjort eit estimat for dei lokal lotteria.

Landslotteri

Landslotteri blir selt i fire eller fleire politidistrikt. Dei fleste er landsdekkjande, men ein del har også meir avgrensa omfang. For 2001 har vi fått innrapportert 52 slike lotteri.

Oslo politidistrikt hadde 34 av dei. Elles hadde Hordaland 5, Telemark 4 og Asker og Bærum 2. Distrikta Østfold, Vest-Oppland, Sør-Trøndelag, Romerike, Nordmøre og Romsdal, Follo og Agder hadde eitt kvar.

Nøkkeltal landslotteri 2001

Loddsal	486 mill
evt. anna inntekt ³⁵	7 mill
<hr/> Samla inntekt	493 mill
Gevinstkostnad	74 mill
<hr/> Netto omsetning	419 mill
Administrative kostnader	291 mill
<hr/> Overskot (formålets del)	128 mill
Formålets del av brutto omsetning	26%
Formålets del av netto omsetning (brutto omsetning – gevinst)	30%
Gevinstkostnad av brutto omsetning	15%

I 2001 omsette landslotteri for 486 millionar. I tillegg kom andre inntekter med 7 millionar.

Gevinstkostnaden var 74 millionar. For vinnarane kan nok gevinstverdien ha vore større, men i rekneskap visast ofte gevinstens kostnad for arrangør. Til dømes er ev. rabattar fråtrekt.

291 millionar har det kosta å administrere lotteria.

128 millionar er bokført den gode sak som lotterias overskot.

³⁵ Dette er andre inntekter ein har med lotteri, mellom anna finansinntekter, inntektsføring av gebyr, sal av gevinstar og gåver.

Andre lotteri

Av landslotteria var 42 førehandstrekte/skrapelodd medan 10 var etterhandstrekte.

Landslotteri år 2001	Førehandstrekte	Etterhandstrekte	Totalt
Antall	42	10	52
Loddometning	479 mill	6 mill	486 mill
Andre inntekter	7 mill	-	7 mill
Samla inntekt	487 mill	6 mill	493 mill
Prosent av samla omsetning	99 %	1 %	100 %
Overskot	125 mill	3 mill	128 mill

Etterhandstrekte lotteri er små målt i omsetning. Tabellen viser at dei berre har 1 prosent av omsetninga for landslotteri.

Landslotteri blir distribuert og selt på ulike måtar. M.a. gjennom abonnement, telemarketing (TM), direkte post (DM), medlemssal og gjennom kommisjonærnett (t.d. kioskar). Eit lotteri kan ha fleire salskanalar.

I tillegg til desse lotteria kan ein også kjøpe Norsk Tipping sine skrapelodd (Flax) frå NT's kommisjonærar. Tal for Flax inngår i Norsk Tippings gjennomgang og blir i denne delen berre omtalt avslutningsvis.

Fordeling av inntekt³⁶

Kategori	Brutto omsetning	Overskot	Del av brutto omsetning	Del av samla overskot	% til formål av brutto omsetning
Idrett	39 mill	24 mill	8 %	19 %	61 %
Helse	293 mill	59 mill	59 %	46 %	20 %
Musikk, Kultur og Fritid	8 mill	4 mill	2 %	3 %	50 %
Humanitær	99 mill	27 mill	20 %	21 %	27 %
Diverse	53 mill	14 mill	11 %	11 %	26 %
Totalt	493 mill	128 mill	100 %	100 %	26 %

Helseorganisasjonar har størst omsetning, og faktisk 59 % av heile marknaden. Dei har likevel mindre del av samla overskot (46 %). Kolonnen lengst til høgre syner prosentvis del til formål av brutto omsetning, og for denne kategorien er den lågast med 20%.

Idretten har mest til formålet frå kvart lodd som vert selt, 61%.

Fordeling av netto omsetning

Kategori	Netto omsetning	Administrative kostnader	Overskot	Adm.kostnader av netto omsetning	Overskot av netto omsetning
Idrett	36 mill	12 mill	24 mill	33 %	67 %
Helse	243 mill	184 mill	59 mill	76 %	24 %
Musikk, Kultur og Fritid	7 mill	3 mill	4 mill	43 %	57 %
Humanitær	88 mill	60 mill	27 mill	69 %	31 %
Diverse	46 mill	32 mill	14 mill	70 %	30 %
Totalt	419 mill	291 mill	128 mill	70 %	30 %

³⁶ Liste over organisasjonane i vedlegg.

Andre lotteri

Administrative kostnader utgjør 291 mill. Dette er kostnader knytt til lotterier, enten i egen organisasjon eller som honorar/provisjon til ev. profesjonelle operatører. Her inngår m.a. kostnader til markedsføring, telefonsal. etc..

For enkelte lotteri kan det også inngå provisjon til lokale lag av foreninga utan at dette kjem fram som overskot til formålet. I 6 rekneskap er vi kome over kostnadsposter der dette samla utgjør 2,7 millionar.

Vi har ikkje gjennomført systematisk gjennomgang av kva av kostnadene som ligg hos lotteriverdig organisasjon og kva som ligg hos operatør/tenesteleverandør.

Tabellen over syner likevel at enkelte grupper har prosentvis mindre del kostnad av netto omsetning. Dette heng saman med korleis lodd er selt. Både innan idrett og andre fritidsaktivitetar skjer loddosal ved at medlemmer sjølv sel lodd.

Førehandstrekte landslotteri og Flaxlodd

Dei fleste landslotteri er skrapelodd og landsdekkande. Det er difor naturleg å sjå dei saman med Flaxlodd som Norsk Tipping sel gjennom sine kommisjonærar.


Samtlege landslotteri omset samla for mindre enn Flax.

Flaxloddet omsette i 2001 for 684 mill.

42 førehandstrekte landslotteri omsette lodd for 479³⁷ mill.

Organisasjonar med loddosal over 20 millionar:

Landsforeningen for Hjerter- og lungesyke	80 mill
Redningsselskapet	53 mill
Landsforeningen for Trafikkskadde	52 mill
Norges Astma og Allergiforbund	27 mill
Norsk Folkehjelp	26 mill
Stiftelsen Sofienlund	23 mill
Norsk Revmatikerforbund	20 mill



³⁷ Eksklusiv 7 mill i andre inntekter enn sjølve loddsalet.

Lokale/regionale lotteri

Til saman har politiet motteke meldingar og gitt løyve til nærare 2900 lokale og regionale lotteri i år 2001.

Om lag 2 500 er såkalla meldingslotteri og ca 400 lotteri har fått løyve³⁸.

For 2001 har vi ikkje innhenta rekneskapstal, men vi har gjort eit estimat som byggjer på antall lotteri i 2001 samt tidlegare rekneskapstal og spørjeundersøking. (sjå vedlegg).

Estimerte nøkkeltal for år 2001

Loddsal (brutto omsetning)	100 millionar
Samla kostnad	40 millionar
Overskot til formålet	60 millionar
Prosentvis til formålet av loddsalet	60 prosent

I fjor så vi at rekneskap for små lotteri ikkje alltid angir gevinstkostnad. Difor kan vi ikkje dele kostnader eksakt i gevinst og administrative kostnader.

For å kunne sette desse lotteriana inn i ein større samanheng med andre spel og landslotteri har vi grovt todelt kostnadane med 20 mill til gevinst og 20 mill til andre kostnader.

Vi har ikkje fordelt desse lotteriinntektene på ulike typar formål.

³⁸ Lotteri med omsetning under 100 000 treng ikkje løyve, men melder frå til politiet. Lotteri med omsetning 100 000 eller meir treng løyve frå politiet.

English summary

In 2001, the turnover in the Norwegian gaming and lotteries market amounted to NOK 22.4 billion. Of this gross turnover, players collected NOK 13.9 billion in prize money.

This left an expenditure of NOK 8.5 billion to be distributed among the market participants, i.e. operators, entrepreneurs, site owners, agents, as well as associations and organisations.

For details concerning the methods of data collection and estimations, see the annex attached to this report.

Key figures on the gaming market i Norway

Year 2001	Million	
	NOK	EUR ¹
Gross turnover (total wagered) ²	22,411	2,784
Prizes	13,891	1,726
Net turnover (expenditure/loss)	8,520	1,058

Year 2001	Amount wagered		Expenditure	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per capita ³	4,965	617	1,887	234
Per capita, 15 years and older	6,209	771	2,360	293
Per household ⁴	11,420	1,419	4,341	539
Percentage of disposable income ⁵	3.32 %		1.26 %	

On average, each Norwegian citizen (young or old) wagered NOK 4,965 in 2001.

After deduction of prizes, each citizen spent NOK 1,887. This amounts to 1.26 % of the disposable income per household.

¹ Average rate of exchange 2001 as determined by Norges Bank: 8.0492.

² For gaming machines, turnover comprises amounts wagered, i.e. amounts re-invested are not included.


³ Average population as determined by Statistics Norway, Nordic Regional Statistic.

⁴ The average number of persons per household is 2.3

(Figures from Statistics Norway (SSB) - Private households and number of persons per private household 2001).

⁵ National accounts 1991-2001, "Households and non-profit organisations. Income, expenses and saving" (SSB): Disposable income NOK 675,001 million.


Turnover in NOK million in 2001



Norwegians spent the largest amounts on gaming machines, i.e. nearly 9 billion NOK.^{6,7} In addition, we spent nearly 7.9 billion NOK on games provided by Norsk Tipping, and 0.75 billion on Extralotteriet, also operated by Norsk Tipping. Norwegians spent approximately 2.6 billion on horses through Norsk Rikstoto.

In addition to gaming machines, bingo and lotteries make up the private sector of the market. Bingo had a turnover of some 1.6 billion NOK, with entrepreneur bingo accounting for the major portion at slightly more than 1.3 billion. Also included here are side games (electronic⁸ and paper). Non-entrepreneur bingo is estimated at nearly 0.3 billion NOK.

Among the lotteries, the nationals have the highest turnover at nearly 0.5 billion⁹. For the other lotteries we stipulate a turnover of NOK 0.1 billion.



⁶ Amount excluding re-investments, i.e. the value of prizes spent on further games rather than being cashed.

⁷ In addition, we have estimated a turnover of 72 mill. from entertainment machines.

⁸ Bingo machines and online bingo.

⁹ The turnover of 493 mill. includes NOK 7 mill. in revenues other than sales of lottery tickets.

Om datainnsamlinga

Datamaterialet i denne rapporten byggjer hovudsakleg på tal innhenta frå operatørar og entreprenørar i marknaden.

Tal frå Norsk Tipping og Extra³⁹ er hovudsakleg innhenta frå Norsk Tipping, medan fordelinga av idretten sine tippemidlar kjem frå Kyrkje- og kulturdepartementet. Fordelinga av formålsmidlane til Extra er oppgitt av stiftelsen Helse- og Rehabilitering.

Automat- og bingoentreprenørar har fått tilsendt spørjeskjema som dei har fylt ut og returnert til Lotteritilsynet.

Vi fekk svar frå 77 automatentreprenørar. Men Lotteritilsynet kjenner til ytterlegare 30 som hadde automatdrift i år 2001. Av ymse grunnar har vi ikkje fått talmateriale frå desse entreprenørane. Men på bakgrunn av data frå ulike kjelder (politi, dataregister og delvis entreprenørane sjølve) reknar vi med at desse 30 i alt hadde utplassert 700 automatar pr. 31. desember 2001. For desse automatane har vi lagt til grunn snittutrekningar frå datamaterialet.

Vi har talmateriale frå alle bingoentreprenørar, og det meste er henta frå entreprenørane sjølve. Av grunnar som eigarskifte, opphøyr eller manglande svar er delar av talmaterialet for 5 mindre entreprenørar estimert frå opplysningar gitt av entreprenør eller politi.

For landslotteri byggjer datamaterialet på rekneskap innhenta frå politiet. I einskilde tilfelle har det vore nødvendig å kontakte organisasjonane eller tenesteleverandør for nærare avklaring eller presisering.

For mindre/regionale lotteri og for bingo utan entreprenør er tala vi presenterer utelukkande estimat som Lotteritilsynet sjølv har gjort. Utgangspunktet er talmaterialet frå år 2000 (rekneskapstal og estimat) sett i høve kor mange lotteri og bingoar politiet har opplyst om for åra 2000 og 2001.

Nedanfor viser vi nærare korleis ulike utrekningar er gjort for dei spel og lotteri der vi ikkje har fullstendig informasjon.

Gevinstautomatar

Utrekning av omsetning

	Opptalt netto omsetning i datamaterialet:		2 388 mill
	estimat for		
+	manglande automatlar:	116 mill	(655 (snittal) x 176 740 (snittcashbox40))
=	estimert opptalt	2 504 mill	
+	estimert avvik	42 mill	(1,656% av omsetning i flg. telleverk ⁴¹)
=	estimert netto omsetning i flg. telleverk	2 546 mill	
+	utbetalt gevinst	6 412 mill	(71,578% av brutto omsetning ⁴²)
=	estimert brutto omsetning	8 958 mill	

³⁹ Talspelet Extra er operert av Norsk Tipping på vegner av stiftinga Helse og Rehabilitering.

⁴⁰ Snittet for automatane til entreprenørar med mindre enn 500 automatlar kvar.

⁴¹ Reell prosent for entreprenørar som har oppgitt tal frå telleverk og opptalt ved tømning.

⁴² Reell prosent for entreprenørar som har oppgitt tal frå telleverk (kroner inn og kroner ut)

Utrekning av omsetning pr automat (opptalt netto omsetning)

Samla opptalt netto omsetning i dei ulike gruppene delt på gjennomsnittstal på utplasserte automatar ((1. januar + 31. desember)/2). Sidan manglande automatar tek utgangspunkt i snittomsetning har vi sett opp estimert snittal for det som ved årets slutt er ca 700 automatar.

Fordeling av inntekt til formål på kategoriar

Utgangspunktet er kjend prosentvis fordeling i datamaterialet etter "korrigerings" for det entreprenørar med eige formål har fordelt til seg sjølv.

Denne prosentvise fordelinga er så lagt til grunn for beløp som entreprenørar ikkje har spesifisert og for estimert inntekt frå manglande automatar.

Feilmarginar

Prosent utbetalt gevinst (71,578%)

Redusert med 1% gir 304 mill. mindre brutto omsetning og gevinstutbetaling.

Auka med 1% gir 327 mill større brutto omsetning og gevinstutbetaling.

Endring i gevinstprosent endrar ikkje netto omsetning og formålets andel.

Avvik (1,656%)

Ein halv prosent større avvik aukar netto omsetning i flg. telleverk med 13 mill og brutto omsetning med 45 mill. Beløp til formål blir i mindre grad endra, berre for den del av automatane der vi har estimert omsetning.

Talet på manglande automatar (700)

Ei endring på 100 automatar gir endra brutto omsetning med 63 mill, netto omsetning med 18 mill, og endring i beløp til formålet med 6 mill.

Snittcashbox, for 700 manglande automatar (kr 176 740)

Om vi hadde nytta snittet for heile utvalet (128 384), og ikkje utelatt dei 4 største entreprenørane) ville brutto omsetning blitt redusert med 113 mill, netto omsetning med 32 mill og andel til formålet med 11 mill.

Kategorisering av formål

Kategoriar tek utgangspunkt i våre eigne arkivkoder, og vi bad entreprenørar fordele inntekter etter følgjande inndeling:

Idrett/sport

Lokale idrettslag, generelle idrettsorganisasjonar, og meir administrative idretts-samanslutningar, f eks Aksla Idrettslag, Alta Idrettsforening og Sogn og Fjordane Idrettskrins.

Særforbund innan idrett, uavhengig av om dei er lokale eller nasjonale, f eks Ankenes Skiklubb og Norges Friidrettsforbund.

Helse

Organisasjonar og foreiningar som naturleg fell inn under denne kategorien, f eks Bergen Døveforening, Den norske kreftforening og Norges Handikapforbund.

Musikk/ kultur/ fritidsorganisasjonar

Alle musikkorps, kor, sogelag, jeger- og fiskeforeiningar, velforeiningar, 4H klubbar, ungdomslag og pensjonistforeiningar m.m..

Humanitær verksemd

Bl.a. Røde kors, Redningsselskapet, Care Norge, Lions, Flyktningrådet, Redd Barna og liknande.

Diverse organisasjonar

"Særorganisasjonar" eller interessesamanslutningar som ikkje naturleg fell inn under gruppene over. Automatentreprenørar kunne også fordele "spel i pott" til denne kategorien.

Bingoentreprenørar har imidlertid fordelt pottspel på kategoriane.

Underhaldningsautomatar

Oppgitt omsetning	70,7 mill
<u>Estimat for ca 20</u>	<u>0,6 mill</u>
Totalt	71,3 mill

Tillegg for mva

15,5 mill er / kan vere utan mva

* skal gjelde 2. halvår (0,47%, synkende automattal)

* ikkje alle automatar har mva

<u>15,5 x 0,47 x 0,67 x 0,24 (mva)</u>	<u>1,2 mill</u>
	72,5 mill

Utrekning for bingo med entreprenør

Bingoautomatar: 17 entreprenørar har ikkje oppgitt bruttoomsetning og gevinst. Estimat er gjort ved samla gevinstprosent for dei øvrige 19: 75%.

Databingo: 6 entreprenørar har ikkje oppgitt bruttoomsetning og gevinst. Estimat er gjort ved samla gevinstprosent for dei øvrige 13: 74%.

Papirsidespel: 1 entreprenør har ikkje oppgitt bruttoomsetning og gevinst. Estimat er gjort ved samla gevinstprosent for dei øvrige 25: 58%.

Elles er omsetninga berekna for 5 mindre entreprenørar. Estimat er gjort på grunnlag av einskilte bingoarkneskap, tal på løyve og andre opplysningar frå politi og entreprenør.

Utrekning for bingo utan entreprenør

31 politidistrikt (før ny distriktsstruktur) ga i fjor data som viste reduksjon på 21% frå 1997 til år 2000. I snitt 7% pr år.

Frå 2000 til 2001 har radio og TV-bingo hatt reduksjon frå 67 mill til 58 mill (13%).

Politiet oppgir om lag 1 600 løyve gitt til bingo utan entreprenør i 2001, men ca 100 av desse har vi registrert under entreprenørbingo. Dermed står vi att med ca 1 500 løyve. Tal for år 2000 blei berekna på grunnlag av 1 718 løyve. Vi bereknar reduksjon på 12% ((1700-1500)/1700) der deler av reduksjonen skjer fordi einskilte bingoarrangement er "flytta over" til entreprenørbingo.

Når det gjeld gevinstprosent og prosent til formålet legg vi til grunn om lag dei same prosentar som i fjor.

Vedlegg

Estimert brutto omsetning år 2001 (avrunda til næraste 10 mill)	290 mill	325 mill – 12%
Gevinst	185 mill	64% av brutto omsetning
Netto omsetning	105 mill	
Administrativ kostnad	45 mill	
Overskot	60 mill	
Formålets del av brutto omsetning	21 %	reknar same prosentlar som
Formålets del av netto omsetning (brutto omsetning – gevinst)	57 %	for år 2000, korrigert for "andre inntekter" som då var med i oppstillinga.
Gevinstkostnad av brutto omsetning	64 %	

Landslotteri 2001 - organisasjonane i dei ulike kategoriene

Musikk/Kultur/Fritid (* er etterhandstrekt)	Norges Musikkorpsforbund Norske 4H Norges Bygdeungdomslag * Telemark Husflidslag
Idrett	Norges Gang- og Turmarsjforbund Norges Skotthyllforbund Norges Håndballforbund Norges Fotballforbund Norges Friidrettsforbund
Humanitær	Redningsselskapet Adopsjonsforum Norsk Folkehjelp Flyktningerådet Redningsselskapet * Varden og Lions julelotteri
Helse	Vestlandske Blindeforbund * ADHD-foreningen Norsk Psoriasisforbund Norges Handikapforbund Foreningen for Hjertesyke Barn Foreningen for Nyrepasienter og Transplanterte Landsforeningen For Amputerte Landsforeningen for Hjerte- og lungesyke Landsforeningen til støtte ved krybbedød Norges Diabetesforbund * Voksne for barn Foreningen for Muskelsyke Norsk Revmatikerforbund Norske Kvinners Sanitetsforening Nasjonalforeningen for folkehelsen Landsforeningen for Trafikkskadde Norges Astma og Allergiforbund Norges Blindeforbund Stiftelsen Sofienlund * Skien Revmatikerforening * American car club of Norway (overskudd til Sunnås Sykehus)
Diverse	Stiftelsen Pinsevennes Evangeliesenter Norsk Luthersk Misjonssamband - Norea radio Den Norske Sjømannsmisjon * Den Indre Sjømannsmisjon Kristelig Folkeparti Det Norske Totalavholdsselskap Juvente IOGT Motorførerenes Avholdsforbund * Motorførerenes Avholdsforbund ungdom Noregs Mållag Norges Automobilforbund Framtiden i våre hender * Norges KFUK_KFUM Det norske Arbeiderparti * Det Norske Misjonsselskap, region Oslo/Borg

Utrekning for lokale/regionale lotteri

Estimatet 100 millionar i omsetning er eit omtrentleg estimat basert på følgjande:

Estimat for år 2000 var 90,6 mill. Dette var gjort på grunnlag av 2 108 løyve der omsetning blei estimert for halvparten. I innrapporteringa bad vi politiet sjå bort frå dei minste lotteria som t.d. kakelotteri og basar.

For år 2001 har vi fått innrapportert og berekna nær 2 900 lotteri (der politiet har fått melding eller har gitt løyve).

I fjor viste vi ein reduksjonen i lotteriaktivitet gjennom heile 90-åra.

Vi legg oss nær forholdstalet for kostnad og overskot som for 2000, høvesvis 40 og 60 prosent av loddsalet. (I fjor var dette 39/61).

For år 2000 så vi at rekneskap for små lotteri ikkje alltid angir gevinstkostnad. Difor kan vi ikkje dele kostnader eksakt i gevinst og administrative kostnader. For å kunne sette desse lotteria inn i ein større samanheng med andre spel og landslotteri har vi likevel grovt todelt kostnadane 50/50.

Alt 1.

Omsetningssnitt i fjor for lokale/regionale lotteri var 43 000,-

(Estimatet for år 2000: 90,6 mill / 2 108 lotteri)

2 900 lotteri x fjorårets snitt = 125 mill.

125 mill kan blir for høgt når vi no har med alle lotteri der det er gitt melding (også slike som vi for år 2000 bad politiet sjå vekk frå).

Alt 2.

Saman med Opinion AS spurde Lotteritilsynet i fjor eit utval lag og organisasjonar kva overskot dei hadde frå lokale lotteri.

Gjennomsnittsoverskotet var 22 000 (N=390) som gir ei estimert omsetning på 36 000 (22 000/0,61).

2 900 lotteri x gjennomsnittsomsetning 36 000 = 104 mill.

I dette talet vil utgangspunktet (snittomsetninga) måtte omfatte fleire typar lotteri, også dei mindre.

Her er valt å bruke 100 millionar som estimat. Då tek ein høgde for at reduksjonen vi så gjennom 90-åra held fram, samstundes som mindre lotteri som vi tidlegare ikkje fekk innrapportert no er med som meldingslotteri. Dette stadfester også dei politidistrikta som har hatt stor auke i tal dei har innrapportert.



LOTTERITILSYNET

Postboks 800 • 6801 Førde • Tlf. 57 82 80 00